



Stor stas. Sju sortar settepoteter lagt til groing.



Øvst til venstre:
Den eine baljen etter den andre blei fylt.
«Arielle» er ein god, tidleg, sort.

Øvst til høgre:
Opptak av tidlegpoteter er alltid stor stas.
Jorda er så laus og god at Mina og eg kan ta dei
opp med bare nevane.

Under:
Potetriset hamna i trillebåra. Etterpå køyrde Håvard det til
kompostbingen og kappa det opp med sigden min.



JULI: SOMMARGLEDER

Reisa vekk på ferie? Kjem ikkje på tale! Eg nikosar meg: Så mykje å gleda seg over! Bugnande bed, fargeprakt frå fulle kassar av sommarblomar, søte (og sure) bær, struttande spisskål, dei fyrste solmogne tomatane, opptak av kvitløk, løk og poteter, knasande gode sukkererter og graskar og squash som bare veks og veks og veks!

POTETFRYD

Størst stas for både små og store barn var det å ta opp poteter. Det var mest ikkje til å tru: Dei drog i dei tjukke stilkane med alt det grøne bladverket, og kva kom til syne? «Potet, potet, potet!» skreik ungane i gata. Med bare nevane grov dei, og fann den eine etter den andre. Som å vera på skattejakt. Stolte gjekk dei heim med kassar og fat fylte av dei gylne knollane.

Fryda seg gjorde også barnebarna Håvard, Mina og Maja. Tenk at ei potet var blitt til så mange! Den eine baljen etter den andre blei fylt. Jentene laga eit festmåltid av omnsbakte poteter, squash, løk, kvitløk, fennikel og rødbeter mens Håvard og eg lessa potetriset i kaldkompostbingen. Og så store mange av dei var! «Arielle» er verkeleg ein god sort. Tidlegpotet. Hadde kunna teke dei opp alt i juni.

«Flinke potetplanter, flinke potetplanter», messa eg inni meg sjøl kvar gong me tok opp nye sortar: Gylne «Van Gogh», røde «Asterix», lyse «Carolus» med rosa flekkar, svære «Troll» i rare fasongar. Flinke? Ja, for dei hadde greidd seg gjennom uvanleg varm og tørr mai, juni og juli utan at eg hadde vatna ein einaste gong. Mekan til tørkesommar (2018) har eg aldri opplevd.

Utan masse organisk materiale innblanda i jorda og tjukt grasdekke, hadde det nok ikkje gått så bra.



Over:
Å leggja ned tomatar på glas er ein lett og god måte å ta vare på tomatene du ikkje et opp etterkvart. Dei gule fremst er «Stripes of Yore», i korga bak ser du biftomat «Brandywine».

Til venstre:
Sommarsquash «Goldy» kjem med nye frukter mest kvar dag.



Tomat mellom svartkål, fennikel og grønkål i bedet utføre drivhuset.

FEILSLÅTT FRISLEPP

Det vanskelegaste med utandørstomatene, er å finna måtar å støtta dei opp på. Eg kjøpte nokre stilige spiral-tomat-støtter av stål. Det gjekk greitt med nokre små plommetomatar, men ikkje for biftomatane. Dei blei altfor kraftige og uregjerlege, la seg over kvarandre i hytt og pine.

Utruleg kor fort det blir villniss av nokre få tomatplanter! Ja, eg veit eg skal knipa bort «tjuvar»/villskot som kjem mellom stammen og greinene. Men passar du ikkje på kvar bidige dag, står du brått der og ser på ein ny, lang, kraftig stilk som du ikkje har hjarta til å kutta vekk. Dei ute må då få veksa litt fritt, tenkte eg. Feil tenkt. Det endte med at eg måtte kapp ned ein halv jungel med sigd då regnet sette inn. Ellers hadde dei vore meir utsette for soppsjukdomar. Lys, luft og sol hadde heller ikkje sluppe til på tomatane.

I drivhuset har eg passa på å knipa vekk «tjuvar» jamt og trutt og fjerna dei nedste bladpara etter kvart som plantene veks.

Frilandstomatane har eg ikkje gjødsla, men for nokre tunge klasar! Dei har fått næringa dei treng frå «komposthaugen» dei veks i. Bygd opp lagvis: Nedst kvist og flis, så ein «lasagne» av lauv vekselvis med hestemøkk, tang og tare, grov kompost og tjukt dekke av gras frå gamal rundballe på toppen. Etter kvart som eg har kutta av blad og stenglar, har eg putta det under grasdekket. Også eggesskal og bananskal stappar eg ned der. Giss om det kreler med makk! Utruleg kor fort dei fortærer denne «maten» og gjer det om til supernæringsrik jord.

SEPTEMBER

Her kjem me! Alvin er sterk!

Så mykje godt! Bakerst ser du grøne duskar av fennikel. På bordet: Savoykål, tre sortar graskar, gul epleagurk, gulerøter, rødbeter, tomat, paprika og chili. Eg kuttar opp selleristang.





Til venstre:
Ei lita sol på lange stilkar: Gjerdessolhatt.

Nedst til venstre:
Blåbærbuskane får fine haustfargar.

Nedst til høgre:
Frukttree står med gule blad.
Kvar månad har sin sjarm.



Eg elsker å halda på i hagen på fine ettermiddagar. Ei eiga stemning. Bladliljene har blitt gule, det minkar på grønsaker i bedet, men palmeliknande svartkål og rødstilka bladbete står fint.



OKTOBER: OPPRYDDING OG NY START

At det er den siste månaden før me kan venta frost, sludd og snø, gjer at eg set ekstra pris på kvar solstrime, og på alt som ennå veks i hagen. Eg nyt fargane: Oransje graskar, rødstilka mangold, grønlilla spisskål. Blåbærbuskane får flammande blad, dei grøne bladliljene gulnar.

Dei fleste staudene har gitt seg, men ikkje dei høge gule gjerdessolhattane. Rustrød amaranth viftar med «revehalane» sine mellom persille og lilla haustasters.

Eg likar oktober. Sjølv om det er litt vemodig å sjå at det eine bedet etter det andre blir tomt. Men ennå er det mykje mat att.

Etter at vind og plaskregn hadde herja i vekesvis, ser det ruskje ut i pallekarmane med sommarblomar. Fleire av dei høge maisplantene ligg meir langflate enn oppreiste. Squashplantene er blitt eit stusseleg syn.